



Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

**Vår ref.**

18/1126-2/N - 009/KAWV

**Dykker ref.****Dato:**

28.09.2018

## **Uttale frå Kvam formannskap. Handsaming av Kvam herad sin kommuneplan 2017-2029**

### **Effektive planprosessar?**

Frå statleg hald er det uttalt at ny plan- og bygningslov skulle føre til effektive planprosessar i kommunane. Seinare endringar av same lov har ytterlegare stramma inn på effektivitet og tidsfristregime. Samordning av motsegn kom i 2018 og skulle redusere unødvendig byråkrati, jf. utsegn under.

*Vi styrker lokaldemokratiet og reduserer unødvendig byråkrati i plan- og byggeprosessene. Nå gir vi fylkesmennene i fast oppgave å samordne innsigelser fra alle statlige etater. Dette vil bidra til at uenighet løses tidligere og planprosessene går raskere, sier kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.*

Med samordning skulle kommunane få ein part å halda seg til ved motsegn i planprosessar. Dialogmøte er eit samordningsmøte mellom alle offentlege instansar som har varsle motsegn og kommunen. Det som i realiteten skjer i samband med dialogmøte, er at det er utfordrande å få til avtalar som passar for alle partar. Dette betyr at møta blir avtalt langt fram i tid.

Mange offentlege instansar held seg til avtalt uttalefrist, mens fylkesmannen i mange planar Kvam har hatt, har venta med sin uttale til etter dialogmøtet. Konsekvensen er at fylkesmannen i mange plansaker får utsett frist og kva fylkesmannen meiner om arealplanar blir ikkje kjend før i sjølve møte. I etterkant av dialogmøtet får kommunen referat frå dialogmøte, i tillegg til uttalen til fylkesmannen. Det hadde vore meir føreseieleg for kommunen om uttalen til fylkesmannen hadde kome i forkant av dialogmøte. Kanskje er systemet modent for ein revisjon? Kvam herad er usikre på om dette systemet oppnår det som er målet til KMD om effektive planprosessar.

### Historikk for kommuneplanens arealdel:

#### **Frist for uttale til kommuneplan: 30.06.2018**

Kommuneplanens arealdel var på høyring i perioden 8. mai til 30. juni. Kravet er minimum 6 veker, planen var på høyring i nesten 7 veker.

#### **Utsett frist - Fylkeskommunen i Hordaland: 24.08.2018**

Fylkeskommunen bad om utsett frist til 24.08.2018 på grunn av politisk handsaming i utval for kultur, idrett og regional utvikling. Den 21.08.2018 var saka oppe i utvalet og vart utsett på grunn av ønske om synfaring i Kvam. Det er avtalt synfaring og møte i utvalet den 22.10.2018.

Ny frist: **22.10.2018**

Utsett frist Fylkesmannen i Hordaland: **15.09.2018**

Fylkesmannen bad om utsett frist til 15.09.2018. Det er signalisert at fylkesmannen ønsker å gjennomføre eit dialogmøte med Kvam herad i samband med motsegn fra NVE, Fiskeridirektoratet og Statens vegvesen. Kvam herad har fått ein munnleg invitasjon til eit framtidig dialogmøte utan fastsett dato. Kvam herad har akseptert eit dialogmøte før fristen til fylkesmannen den 15.09.2018. Konsekvensen er at fylkesmannen sin uttale først kjem i etterkant av dialogmøtet. Ved fleire høve har fylkesmannen skulda på utfordringar knytt til kapasitet når dei ikkje når uttalefristar.

Ny frist: **Ukjend**

## **Uttale frå Kvam formannskap vedteke i Kvam formannskap sitt møte 19.09.2018 sak 052/18:**

Kvam formannskap som planmynde ønsker ein effektiv prosess i samband med vedtak av kommuneplanen sin arealdel. Kvam formannskap ber Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune om å prioritere handsaming av Kvam herad sitt framlegg til ny kommuneplan. Det har allereie gått nesten 4 månader sidan fristen for uttale når Hordaland fylkeskommune gjer sin uttale. Kvam formannskap ber fylkesmannen i Hordaland sette opp eit snarleg dialogmøte for vidare handsaming av kommuneplanen. Eventuelle motsegn må vere konkrete og god grunngjeve slik at det går klart fram kva offentlege etatar ønskjer å endra i planen. Generelle motsegn gir rom for vid tolking og erfaringmessig får kommunen ein prosess der planen går mellom kommune og fylkesmann i fleire rundar.

Vidare vil Kvam Formannskap at ordførar orienterer kommunalministeren om erfaringar med motsegn til planar, tidsbruk og samordning av motsegn hos fylkesmannen.

Det blir eit demokratisk problem at overordna myndigheter stadig bed om utsetjingar på handsaming av arealplanar. Dette gjev kommunane ekstra kostnader, politisk frustrasjon og mindre fornøgde innbyggjarar som må vente lenge på ønske om utvikling og investering. Dersom det manglar kapasitet hos overordna myndigheter til å halda fristar, må det tilførast meir kapasitet eller ein meir tydeleg prioritering av viktige planar.

Helsing

**Kari Weltzien Vik**  
Administrativ rådgjevar  
Telefon: 56553022

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

**Mottakarliste:**

Fylkesmannen i Hordaland Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7310 Pb 7900	5020	BERGEN
		5020	BERGEN

**Kopi til:**

Anita Hesthamar Jostein Ljones	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
-----------------------------------	----------------	------	-------------